



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 10.12.2019 kl. 15:15-17:45

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Terje Mork	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	UO	Tittel	Sakshandsamar
SR 2019/47		Godkjenning av innkalling og sakliste	RUNE ZIENER
SR 2019/48		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 03.10.2019 og 22.10.2019	RUNE ZIENER
SR 2019/49		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2019/50		Reglement for godtgjersle til folkevalde. Justering.	RUNE ZIENER
FR 2019/51		Reglement for administrasjonsutvalet.	RUNE ZIENER
FR 2019/52		Oppnemning av administrasjonsutval	RUNE ZIENER
FR 2019/53		Oppnemning av forhandlingsutval	RUNE ZIENER
FR 2019/54		Gåve til Askvoll kyrkje - oppslagstavle	RUNE ZIENER
FR 2019/55		Budsjettjustering, investering 2019	RUNE ZIENER
FR 2019/56		Trusopplæringsstillinga i Askvoll sokn	RUNE ZIENER
SR 2019/57		Oppnemning av utval for Askvoll sokneråd si verksemd	RUNE ZIENER
SR 2019/58		Offerliste første halvår 2020	RUNE ZIENER

Askvoll, 10.12.2019

Rune Ziener

referent

SR 2019/47 Godkjenning av innkalling og sakliste

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og saklista slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og saklista slik dei ligg føre.

SR 2019/48 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 03.10.2019 og 22.10.2019

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 03.10.2019 og 22.10.2019 som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 03.10.2019 og 22.10.2019 som dei ligg føre.

SR 2019/49 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- M 2019/28 Askvoll kommune: *Val av medlem til Askvoll sokneråd – melding om vedtak (30.10.2019)*
- M 2019/29 Bjørgvin biskop: *Vilnes kyrkje – godkjenning av utvida reiskapshus (04.11.2019)*
- M 2019/30 Bjørgvin biskop: *Svar på søknad om godkjenning av endra type lyshylser til lysekroner Askvoll kyrkje (14.10.2019)*
- M 2019/31 Kyrkjelydsutvalet i Holmedal: *Møtereferat (02.12.2019)*
- M 2019/32 Riksantikvaren: *Vilnes kyrkje – Tilskudd frå Barne- og familiedepartementet, statsbudsjettet 2019, kapittel 882 post 70 – Tilskudd til sentrale tiltak for kirkebygg og gravplasser (28.11.2019)*
- M 2019/33 Riksantikvaren: *Holmedal kyrkje – Søknad til Riksantikvaren om tilskudd til klimaskallsikring – Avslag på søknad (28.11.2019)*
- M 2019/34 Askvoll sokneråd sitt AU: *Referat (26.11.2019)*
- M 2019/35 Vilnes kyrkjegard. Utløpt vedlikehaldsavtale til fornya utlysing.
- M 2019/36 Kyrkjelydsutvalet i Kvammen: *Møtereferat (06.12.2019)*
- M 2019/37 Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: *Møtereferat (06.12.2019)*

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2019/50 Reglement for godtgjersle til folkevalde. Justering.

UTGREIING

Gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde vart vedteke av Askvoll sokneråd i desember 2014. Dei fleste av satsane for godtgjersle er sett som ein andel av kyrkjeverjelønn, men maksimalsatsar for refusjon for tapt arbeidsforteneste er sett som eit kronebeløp (inntil kr 213,- pr. time/kr 1600,- for over 7,5t), og har såleis ikkje auka opp dei siste fem åra i takt med naturleg lønnsutvikling.

Med vedtekne grense, vil ein såleis gå med reelt tap, om ein har ein årslønn på over ca. kr 415.000,-, eit nivå godt under ein norsk medianinntekt. Lønnstapet for refusjonskrava ein no har fått inn i samband med kyrkjevalet er større enn gjeldande maksimalsats.

Ein bør vurdere å heve grensa til eit meir realistisk nivå.

I Askvoll kommune sitt reglement for folkevalde er tilsvarande maksimalgrensa sett til kr 2400,- pr dag.

Ein kan vurdere å legge seg på tilsvarande avgrensing óg i soknet. Dei økonomiske konsekvensane av ei grenseheving vil truleg vere marginal, då ein i soknet unntaksvis har fått slike krav, og då i samband med kyrkjeval.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd justerer sitt *Reglement for godtgjersle til folkevalde* pkt. 3-4 a og b, slik at maksimalsatsar for refusjon for tapt arbeidsforteneste vert auka opp til kr 320,- pr. time og kr 2.400,- for over 7,5t.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd justerer sitt *Reglement for godtgjersle til folkevalde* pkt. 3-4 a og b, slik at maksimalsatsar for refusjon for tapt arbeidsforteneste vert auka opp til kr 320,- pr. time og kr 2.400,- for over 7,5t.

FR 2019/51 Reglement for administrasjonsutvalet.

UTGREIING

Gjeldande reglement for administrasjonsutvalet vart vedteke i januar 2016. Etter punkt 6 i reglementet skal reglementet gjelde for perioden 2016 og ut desember 2019.

Reglementsperioden bør forlengast ut inneverande soknerådsperiode.
Det vert ikkje tilrådd å gjere saklege endringar i reglementet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gjer *Reglement for administrasjonsutvalet* gjeldande for perioden 01.01.2020-31.12.2023.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gjer Reglement for administrasjonsutvalet gjeldande for perioden 01.01.2020-31.12.2023.

FR 2019/52 Oppnemning av administrasjonsutval

UTGREIING

Etter kirkeloven § 35, jf. hovudavtalen for KA sitt tariffområde § 10, skal det oppnemnast eit partssamansett utval som handsamer saker som gjeld forholdet mellom sokna/soknet som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Arbeidsgjevar sine representantar skal utgjere eit fleirtal i utvalet, og dei tilsette bør normalt sett vere representert med minst to representantar (jf. rettleiing til hovudavtalens § 10).

Som normalordning bør forholdstalet vere 3-2, men det kan avtalast lokale tilpassingar, t.d. 2-1 (sjå HA § 7-4). Ei slik tilpassing hadde ein i soknet i sist valperiode.

For å få kontinuitet i arbeidet, vil det som oftest vere tenlig at det er dei same representantane som også utgjer arbeidsutvalet, eventuelt også forhandlingsutvalet i verksemda.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd utpeikar _____ og _____ som medlemmer (arbeidsgivarrepresentantar) i kyrkjeleg administrasjonsutval med _____ og _____ som personleg vara.
2. Leiar i administrasjonsutvalet er _____ og nestleiar er _____ .

MØTEHANDSAMING

Det vart sett fram forslag frå Terje Mork til vedtakspunkt 1. om Jostein Gryte og Wenche Ness Gabrielsen som faste medlemmer i administrasjonsutvalet.

Det vart sett fram forslag frå Arnt Johny Langeland til vedtakspunkt 1. om Kristin Rivedal Yndestad og Terje Mork som varamedlemmer.

Det vart sett fram forslag frå Arnt Johny Langeland til vedtakspunkt 2. om Wenche Ness Gabrielsen som leiar og Jostein Gryte som nestleiar.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd utpeikar Wenche Ness Gabrielsen og Jostein Gryte som medlemmer (arbeidsgivarrepresentantar) i kyrkjeleg administrasjonsutval med Kristin Rivedal Yndestad og Terje Mork som personleg vara.
2. Leiar i administrasjonsutvalet er Wenche Ness Gabrielsen og nestleiar er Jostein Gryte.

FR 2019/53 Oppnemning av forhandlingsutval

UTGREIING

For å gjennomføre lokale lønnsforhandlingar bør det veljast eit forhandlingsutval på t.d. to personar. For å sikre kontinuitet i utvala er det ein fordel at det er dei som veljast sitt i administrasjonsutvalet og arbeidsutvalet. I tillegg bør det veljast to varamedlemmer. Kyrkjeverja bør ha sekretærfunksjon i utvalet. Det ligg ikkje føre noko reglement for utvalet, men det er tilstrekkeleg at soknerådet gir fullmakt til utvalet i kvar enkelt sak.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel _____ og _____ som medlemmer av forhandlingsutvalet med _____ og _____ som personleg vara. 2. Leiar i forhandlingsutvalet er _____. 3. Forhandlingsutvalet sin funksjonstid følgjer soknerådsperioden.

MØTEHANDSAMING

Forslag frå Jostein Gryte om oppnemning av samme medlemmer og varamedlemmer som i administrasjonsutvalet, og om Wenche Ness Gabrielsen som leiar i forhandlingsutvalet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel Wenche Ness Gabrielsen og Jostein Gryte som medlemmer av forhandlingsutvalet med Kristin Rivedal Yndestad og Terje Mork som personleg vara.
2. Leiar i forhandlingsutvalet er Wenche Ness Gabrielsen.
3. Forhandlingsutvalet sin funksjonstid følgjer soknerådsperioden.

FR 2019/54 Gåve til Askvoll kyrkje - oppslagstavle

UTGREIING

Askvoll sokn har fått ei gåve til Askvoll kyrkje, ei oppslagstavle som er tenkt sett opp på muren ved hovudporten framfor kyrkja.

Slikt fastmonterte insallasjonar krev godkjenning av Bjørgvin biskop etter vedtak i soknerådet.

Vurdering:

Det er positivt at ein har fått ei slik gåve, og ein ser at det bør vere ei oppslagstavle ved Askvoll kyrkje. Vidare er plasseringa ved hovudporten god, då gangvegen framfor porten er eit vel trafikkert område.

Det kan vere at den tenkte plasseringa oppå muren ikkje er ideell. På venstre side av porten står det allereie eit blått metallskilt (Anders Askevold kulturløype), og om ein i tillegg får oppslagstavla på høgre side, kan dette føre til at det vert for mange element ved hovudtilkomsten til kyrkja.

Det ein kan vurderer er å plassere oppslagstavla frittstående på ei søyle/påle framfor muren, som truleg er ein meir tradisjonell plassering av slike tavler, og gjerne male om tavla til ein meir nøytral farge i forhold til gråsteinsmuren.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd takkar så mykje for oppslagstavla ein har fått, og ønskjer å plassere denne ved hovudporten framfor Askvoll kyrkje.
2. For at denne skal passe betre inn i omgjevnadene, vil ein høyre om det er mogleg å male om tavla til ein gråleg og meir nøytral farge i forhold til muren, og om det er mogleg å plassere tavla frittstående på ei søyle/påle framfor muren.
3. Søknad om oppsetting av tavla går til Bjørgvin biskop.

MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram av Arnt Johny Langeland om endra vedtakspunkt 2:

2. For at denne skal passe betre inn i omgjevnadene, vil ein høyre om det er mogleg å plassere tavla frittstående på ei søyle/påle framfor muren.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd takkar så mykje for oppslagstavla ein har fått, og ønskjer å plassere denne ved hovudporten framfor Askvoll kyrkje.
2. For at denne skal passe betre inn i omgjevnadene, vil ein høyre om det er mogleg å plassere tavla frittstående på ei søyle/påle framfor muren.
3. Søknad om oppsetting av tavla går til Bjørgvin biskop.

FR 2019/55 Budsjettjustering, investering 2019

UTGREIING

Soknet har i budsjettåret ikkje hatt framdrift, som forutsett, i fleire av investeringsprosjekta. Desse bør ein nedbudsjettere, og føre opp på ny til realisering i 2020.

Dette gjeld:

1005 – Parkeringsplass Vilnes

I dette prosjektet har ein ikkje fått nødvendige godkjenningar frå Riksantikvaren og fylkeskommunen for siste omsøkte parkeringsløyving. Ein vil ikkje ha utgifter til prosjektet i 2019.

Forslag til budsjettjustering:

Tekst	Inntekter opp/utgifter ned	Inntekter ned/utgifter opp
Byggeteneste nybygg	-220000	
Konsulenttenester	-20000	
Grunnerverv	-50000	
MVA-utgift	-60000	
MVA-kompensasjon		60000
Bruk av disposisjonsfond		290000
Sum	<u>-350000</u>	<u>350000</u>

1009 – Tilbygg Vilnes

Søknadsprosessen om godkjenning var ikkje ferdig før i november 2019. Brannteknisk konsulent som soknet nyttar i prosessen har ikkje høve til å starte prosjektering av uthus med teknisk rom og slokkeanlegg før januar 2020. Ein vil derfor ikkje få meir utgifter i prosjektet i 2019 enn dei om lag 20.000,- som er brukt pr. i dag.

Forslag til budsjettjustering:

Tekst	Inntekter opp/utgifter ned	Inntekter ned/utgifter opp
Byggeteneste nybygg	-1784000	
Konsulenttenester	-160000	
MVA-utgift	-486000	
MVA-kompensasjon		486000
Tilskot frå kommunen		1944000
Sum	<u>-2430000</u>	<u>2430000</u>

1014 – Driftsbygning Askvoll kyrkjegard

Prosjektet er forsinka. Pr i dag er status at ein ventar på godkjenning frå Arbeidstilsynet på bygningsteikningane. Truleg vil ein ikkje få nokon utgift til prosjektet i 2019

Forslag til budsjettjustering:

Tekst	Inntekter opp/utgifter ned	Inntekter ned/utgifter opp
Byggeteneste nybygg	-1000000	

Konsulenttenester	-80000	
MVA-utgift	-270000	
MVA-kompensasjon		270000
Tilskot frå kommunen		1080000
Sum	<u>-1350000</u>	<u>1350000</u>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd nedbudsjetterer dei tre prosjekta nemnt over som det går fram i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Kommunalt investeringstilskot for 2019 vert overført til 2020 med kr 3.024.000,-.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd nedbudsjetterer dei tre prosjekta nemnt over som det går fram i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Kommunalt investeringstilskot for 2019 vert overført til 2020 med kr 3.024.000,-.

FR 2019/56 Trusopplæringsstillinga i Askvoll sokn

UTGREIING

Askvoll sokneråd har ei 50% vakant stilling som trusopplærar. Stillinga har vore vakant sidan mars 2017, trass fleire utlysingar.

Ein mottek rundt kr 330.000,- i årleg tilskot frå Den norske kyrkja sentralt (til trusopplæringa i Askvoll). Det aller meste (95%) av evt. unyttta midlar i trusopplæringa, går til nedtrekk i påfølgjande års tilskot. I 2019 har ein opparbeidd om lag kr 300.000,- i bunde fondsmidlar til trusopplæringa.

Det er uheldig at ein ikkje får nytta seg av fullt ut av tilskotsordninga, særleg med konsekvensen at trusopplæringsarbeidet i soknet ligg på eit minimum. Ein av grunnane til at ein ikkje får tilsett trusopplærar kan vere at ein ikkje har ein 100% stilling å tilby.

Askvoll sokneråd kan no vurdere å tilsette, i ein avgrensa periode, person i 100% stilling. Utanom det utadretta trusopplæringsarbeidet som ligg i gjeldande plan, kan den som vert tilsett ha følgjande ansvarsområde:

- revidere gjeldande trusopplæringsplan
- revitalisere utvalsarbeidet
- utarbeide eit medarbeidarprogram (for rekruttering, opplæring og oppfølging)
- etablere eit nettverk med eksterne aktørar med tanke på framtidig samarbeid om trusopplæringa

Ein høveleg prosjekt-/engasjementsperiode kan vere eitt år.

Økonomisk vil ein då med finansiering ved bruk av eksisterande bundne fondsmidlar lønne ein ekstra stillingsressurs på inntil 50% i eitt år, der vedkommande tilsette er kvalifisert kyrkjelydspedag, og har middels ansiennitet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd kunngjer/lyser ut ledig stilling som trusopplærar, med utvida oppgåver/ansvar i forhold til tidlegare trusopplæringsstilling, i inntil 100% for ein tidsavgrensa periode på inntil 12 månader.

2. 50% stillingsdel er fast.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd kunngjer/lyser ut ledig stilling som trusopplærar, med utvida oppgåver/ansvar i forhold til tidlegare trusopplæringsstilling, i inntil 100% for ein tidsavgrensa periode på inntil 12 månader.

2. 50% stillingsdel er fast.

SR 2019/57 Oppnemning av utval for Askvoll sokneråd si verksemd

UTGREIING

Askvoll sokn har pr. i dag arbeidsutval, trusopplæringsutval og 5 kyrkjelydsutval i verksemda. I tillegg har Askvoll sokneråd eit administrasjonsutval og eit forhandlingsutval knytt til fellesrådsfunksjonen.

Alle utvala sin funksjonstid går ut ved årsskiftet, og desse må oppnemnast på nytt. Det ligg ikkje føre reglement for utvala, og dette bør ein få utarbeidd og vedteke. Utvala har ei funksjonstid på fire år (2020-2023).

Arbeidsutvalet (AU)

Etter kyrkjelova § 8, kan:

Menighetsrådet (...) gi lederen eller denne og minst to av rådets medlemmer (arbeidsutvalg) fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelse i saker som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med hjemmel i slik fullmakt skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.

Arbeidsutvalet i Askvoll har ikkje fått nokon generell fullmakt frå rådet, men har fatta beslutningar med fullmakt i enkeltsaker, og elles ved behov førebudd saker for soknerådet.

Trusopplæringsutvalet

Kyrkjeverja har ikkje klart å finne noko formelt reglement for trusopplæringsutvalet i Askvoll.

I førre periode har utvalet ikkje vore aktivt.

Kyrkjelydsutvala

Når det gjeld kyrkjelydsutvala, står det i organisasjonsplan for soknet i samband med overgang til eittsoknskommune, at utvala sine oppgåver er:

- Gudstenestefornyng
- Finne kyrkjevertar/tekstlesarar
- Utarbeidde framlegg til offerlister
- Organisere kyrkjekaffi/kyrkjefrukostar og liknande.
- Arrangere friluftsgudstenester
- Drøfte/avklare saker som er delegert frå soknerådet

	2016-2019
ARBEIDSUTVAL	Jostein Gryte

	Wenche Ness Gabrielsen
	Kjell Olav Høstaker Nordheim (frå august)
	Rune Ziener (sekretær)
TRUSOPPLÆRINGSUTVAL	Ikkje i funksjon

KYRKJELYDSUTVAL	2016-2019
ASKVOLL	Ingvild Loftheim
	Aud Eldrid Føholm
	Oddgeir Askevold
	Ingvild Strømmen
	Arne Tjugum
	Liv Hushagen
BULANDET	Arne Fedøy
	Tone Nybø
	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy
HOLMEDAL	Terje Mork
	Kari Berit Ness
	Jorunn Bull
	Anne Grethe Lien

	Karen Espedal
KVAMMEN	Halldis Rørvik
	Marit L Gryte
	Harald Ålen
	Atle Selvik
	Leif Leknes
VILNES	Else Stølen
	Gunn Sætre
	Agnar Vilnes
	Edvin Landøy
	Kjellaug Vilnes
	Esther Hugøy

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppnemner følgjande utval, med funksjonstid 01.01.2020-31.12.2023.

	2020-2023
ARBEIDSUTVAL	Jostein Gryte
	Wenche Ness Gabrielsen
	Kjell Olav Høstaker Nordheim
	Rune Ziener (sekretær)
TRUSOPPLÆRINGSUTVAL	

KYRKJELYDSUTVAL	2020-2023
ASKVOLL	Ingvild Loftheim
	Aud Eldrid Frøholm

	Dagny Søvik
	Oddgeir Askevold
	Arne Tjugum
	Liv Hushagen
BULANDET	Arne Fedøy
	Tone Nybø
	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy
HOLMEDAL	Jorunn Bull
	Terje Mork
	Karen Espedal
	Kari Berit Ness
	Maren Linnea Mork
	Ellen-Marie Tveit
KVAMMEN	Sigrid Lunde
	Torbjørn Øglænd
	Marit Leknes Gryte
VILNES	Lillian Oddekalv Gjervik
	Oddgunn K Grane
	Gunn Elin Sætre
	Ester Hugøy

MØTEHANDSAMING

Drøftingar i møtet om at ein bør komme tilbake til oppnemning av trusopplæringsutval i seinare møte.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppnemner følgjande utval, med funksjonstid 01.01.2020-31.12.2023.

	2020-2023
ARBEIDSUTVAL	Jostein Gryte
	Wenche Ness Gabrielsen
	Kjell Olav Høstaker Nordheim
	Rune Ziener (sekretær)

KYRKJELYDSUTVAL	2020-2023
ASKVOLL	Ingvild Loftheim
	Aud Eldrid Frøholm
	Dagny Søvik
	Oddgeir Askevold
	Arne Tjugum
	Liv Hushagen
BULANDET	Arne Fedøy
	Tone Nybø
	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy
HOLMEDAL	Jorunn Bull
	Terje Mork
	Karen Espedal

	Kari Berit Ness
	Maren Linnea Mork
	Ellen-Marie Tveit
KVAMMEN	Sigrid Lunde
	Torbjørn Øglænd
	Marit Leknes Gryte
VILNES	Lillian Oddekalv Gjervik
	Oddgunn K Grane
	Gunn Elin Sætre
	Ester Hugøy

2. Ein kjem tilbake til oppnemning av trusopplæringsutval i seinare møte.

SR 2019/58 Offerliste første halvår 2020

UTGREIING

Gudstenesteplan t.o.m. august 2020 er lagt. Lista må kompletterast med offerformål. I lista er sett inn førebels innkomne forslag frå kyrkjelydsutvala. Ytterlegare forslag vert innarbeidd etter kvart som dei kjem inn. Desse er innarbeidd i protokollen.

Kyrkje	Dato	Tid	Merknader	Offerformål
Askvoll kyrkje	12.01.2020	11:00		Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	26.01.2020	19:00		Det Norske Bibelselskap
Askvoll kyrkje	09.02.2020	15:00	Utdeling av bibel til 10- og 11-åringar	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	23.02.2020	11:00		Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	15.03.2020	17:45	Temagudsteneste med alle konfirmantane i Askvoll sokn	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	29.03.2020	11:00		Olset Bedehus
Askvoll kyrkje	09.04.2020	18:00	Nattverdsgudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Askvoll kyrkje	12.04.2020	12:00	Høgtidsgudsteneste	Sjelesorginstituttet Modum
Askvoll kyrkje	03.05.2020	11:00	Konfirmasjon	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	17.05.2020	10:00	Festgudsteneste	Søndagsskuleforbundet Bergen krins
Askvoll kyrkje	31.05.2020	15:00	Høgtidsgudsteneste	Teleslynge/musikkanlegg Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	07.06.2020	19:00		Redd Barna
Askvoll kyrkje	21.06.2020	11:00		Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	05.07.2020	11:00		Det Norske Misjonsselskap
Askvoll kyrkje	16.08.2020	11:00		Leger Uten Grenser
Askvoll kyrkje	30.08.2020	11:00		Teleslynge/musikkanlegg Askvoll kyrkje
Bulandet kapell	19.01.2020	10:30		Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	16.02.2020	10:30	Utdeling av bibel til 10- og 11-åringar	Kyrkjelydsarbeid
Bulandet kapell	08.03.2020	10:30		Fiskarheim i Bulandet

Bulandet kapell	09.04.2020	10:30	Nattverdsgudsteneste	Kyrkjeblad for Askvoll
Bulandet kapell	23.05.2020	12:00	Konfirmasjon	Bulandet bedehuskapell
Bulandet kapell	01.06.2020	10:30	Pinsegudsteneste	Stefanusalliansen
Bulandet kapell	12.07.2020	17:00		Den Indre Sjømannsmisjon
Bulandet kapell	23.08.2020	10:30		Kirkens Bymisjon Bergen
Holmedal kyrkje	01.01.2020	17:00		Det Norske Misjonsselskap
Holmedal kyrkje	19.01.2020	15:00		Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Holmedal kyrkje	02.02.2020	11:00	Utdeling av bibel til 10- og 11-åringar	Yngres i Holmedal
Holmedal kyrkje	01.03.2020	15:00		Kyrkjelydsarbeid
Holmedal kyrkje	10.04.2020	20:00	Pasjonskveld	Ikkje offer
Holmedal kyrkje	26.04.2020	11:00	Konfirmasjon	Holmedal bedehus
Holmedal kyrkje	17.05.2020	11:15	Festgudsteneste	Holmedal kyrkje
Hålandsstølen/ Tveit	14.06.2020	15:00	Friluftsgudsteneste	Ikkje offer
Holmedal kyrkje	02.08.2020	11:00		Den norske kyrkja i utlandet
Kvammen kapell	24.12.2019	14:00	Julaftangudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Kvammen kapell	05.01.2020	15:00		Søndagsskoleforbundet, Bergen krets
Kvammen kapell	09.02.2020	11:00	Utdeling av bibel til 10- og 11-åringar	Kyrkjelydsarbeidet
Kvammen kapell	08.03.2020	15:00		Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	05.04.2020	11:00	Familiegudsteneste	Den norske kyrkja i utlandet
Kvammen kapell	24.05.2020	12:00	Konfirmasjon	Jonasklubben
Kvammen kapell	14.06.2020	11:00		Kyrkjebladet
Kvammen kapell	26.07.2020	11:00		Blå Kors
Kvammen kapell	30.08.2020	15:00		Kyrkjelydsarbeidet

Stongfjorden kapell	24.05.2020	10:00	Konfirmasjon	Stongfjorden kapell
Vilnes kyrkje	05.01.2020	11:00		Skilbrei Ungdomssenter
Vilnes kyrkje	02.02.2020	15:00	Utdeling av bibel til 10- og 11-åringar	Kirkens Bymisjon Bergen
Vilnes kyrkje	01.03.2020	11:00		Søndagsskoleforbundet
Vilnes kyrkje	12.04.2020	15:00	Familiegudsteneste	Kirkens SOS
Vilnes kyrkje	09.05.2020	11:00	Konfirmasjon	Vilnes kyrkje
Vilnes kyrkje	07.06.2020	16:00		Sjelesorgsenteret Haraldsplass
Værlandet kapell	23.05.2020	10:00	Konfirmasjon	Værlandet Bedehuskapell

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vert lagt fram i møtet.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vert lagt fram i møtet.